

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 5

Oktober 1966

2. årgang

VÅRT BØNELIV. I.

Av Gudmund Hjorthaug

Er det nødvendig å be?

I Luk. 11, 1 finn me ei bøn som truleg er meir aktuell i dag enn nokon gong før. Der ser me at læresveinane etter å ha sett korleis Jesus ba, kom med denne korte og innhaldsrike bøna: «*Herre lar oss å be*». Di meir eg tenkjer på dette ordet, di meir skynar eg at også eg treng å be denne bøna framom alle andre bøner. Og slik er det visst med dei aller fleste av oss. For me forsømer så mykje nett når det gjeld bønelivet vårt.

Mange gonger har desse spørsmåla kome til meg: Er det nødvendig å be? Går det ikkje like bra utan? Sjølv sagt har me det rette svaret ferdig her, reint teoretisk. Men syner ikkje livet og praksisen at me ikkje alltid ser det så særslig nødvendig? Eg tenkjer då på stoda slik ho er i dei fleste kristne forsamlingane i dag. I dei aller fleste høvet er omlag alt som heiter felles bøn og bønesamvær døydd ut. Og der dei enno finns, er det berre ytterst få som tek del i bøna, sjølv i dei store forsamlingane. Ofte blir også slik bønesamver så mekaniske og åndlause at Heilag Anden tykkjест å vera langt borte frå dei. Men la nå ikkje tankane våre gå for vide i kring, for kor-

leis er det med bønelivet i våre forsamlinger og små flokkar? Har me kan henda sett oss så redde på alle mekaniske og livlause bøner at me held på å vraka heile bønetenesta? Og så vonar me på at når berre forkynninga er rett og verksemda held fram så går alt bra likevel? Her er ein uhyggeleg føre, og her treng me nett høyra kva ordet talar.

Ordet sin tale om bøn.

Både ordet og livserfaringa har her eit samstemte vitnemål om at dette med levande bøn er noko av det mest naudsynte i kristelege liv og teneste. Sjå berre på alle formaningane i ordet til bøn og forbøn, og på alle dei sterke lovnader som er knytt til dei! Berre i dette kap. hjå Luk. er dei mange og store, og elles er dei å finna over alt i ordet. Sjå også korleis Jesus brukar denne herlege bøneretten, både åleine og i lag med venene sine! Ja, sjå kva som står om dei første kristne i Ap.gj. 2, 42: «Dei heldt trutt fast ved lera å apostlane og ved samfundet, ved brødbrottinga og bønene», og i Ap.gj. 4, 24: «Med same hine høyrdet det, lyfte dei samhuga si røyst opp til Gud og sa —: — Les bøna deira her og andre stader i skrifta! Og så skulle ikkje me ha

bruk for bôna meir enn til vår daglege andagt, og til opning og avslutting på møta våre. Nei, her forsømer me mykje, og taper mykje for Guds rike både i oss og i kring oss. Orda i Jakobs brev 4, 2: «De har ikkje fordide ikkje bed», dei blir visst ofte oppfylte på oss.

Bønevekking.

Berre ei bønevekking kan føra til den sjelevekking som me alle lengtar etter, både i kristenflokkane og vidare utover.

Bôna er gudslivet sitt andedrag, sa dei gamle. Me veit godt at vert det det vanskar med andedraget i lekamen vår så blir kreftene borte, og lekamen visnar og dører.

Det er ei ubryteleg naturlov. Men slik verkar det også på gudslivet både i forsamlinga og hjå den einskilde kristne om bôna sitt andedrag vert forsømt. Andskrafta blir borte, forkynninga blir ikkje til mat eller nytt liv. Verksemda stivnar til i former og organisasjonar. Livet blir borte !

Derfor har ordet mange formaningar om forbøn. Berre så langt nokon bed har Guds rike arbeidskår her i denne

vonde verda : 1. Timot. 2, 1: - fylgj. Berre då får Gud驱 ut sine arbeidrar og rusta dei ut med sine nådegåver : Matt. 9, 37—38. Utan slik forbøn får me ei hær av arbeidrar som Gud ikkje har sendt og som Gud ikkje kan brukha. Ja, som han endåtil ikkje kjenner : Matt. 7, 22—23. Og berre så langt dei sanne vitna blir fylgde og borne av forbøn, har evangeliet framgang i dei og gjennom dei : Kol. 4, 1—4.

Dette me her har peika på, det fortel oss mykje om kvifor me har ei slik åndeleg forfallstid som den me lever i nå. Om ikkje heile årsaka ligg her, så i alle fall ein stor del av ho.

Ennå arbeider Gud iblant oss med Anden og ordet. Ennå er det nådetid til frelse for sjelene og framgang for Guds rike. Men så gjeld det at Gud får vekkja oss så me kjenner vår gjestingstid, først og fremst me som får tru at me verkeleg høyrer Herren til, så trur eg at me skulle få oppleva ein åndeleg vår over landet vårt. Men vekkingsropa me har fått frå Finnland og gjennom mange andre ting fortel oss at det hastar ! Det kan bli forseint ! Kva svar skal Gud få av meg og deg ?

Utdrag av brev fra Andreas Bø

Kjære medarbeidrar.

Herrens vegar er underlege, skriv frk. Skumsnes ved nyttårstider. Det var i samband med det lange opphaldet i Amerika. Og kanskje me skal seia det meir enn ein gong også når det gjeld Malaysia som misjonsmark.

Eg mente det gamle kallet «til China» var enno i live som eit kall frå Gud. Spørsmålet for meg var då : Har

me gjort det mot kinesarane som Gud ia i det kallet? For me fekk og del i «Kinamisjonen». Underleg blir då Herrens vegar når han let satan stengja Formosa. Men så kan eg også fortelja at her når eg ikkje berre kinesarar, som seinare kan bli vitne for sitt folk og land, men også indarar og malay-folk. Her må eg fôya til at det er forbode å驱va misjon mellom dei Malay-

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

S. Botnens Boktrykkeri, Stord

Red.: Amund Lid, Norheimsund
Eksp.: Margr. Skumsnes, Kårevik
Stord Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle
som sender eksp. namn og adr.
Blir halde oppe med frivilj. gaver

Norsk Lutherisk Lekmannsmisj. :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69

Kass.: Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

talande folk, for dei fleste er muhammedanarar. No, Guds ord er sterkare enn slik ei lov.

I Singapore fekk eg vera med på eit møte — eit bønemøte — for malayalarar. Der er det ikkje forbode. Men dei hadde ein ung gut som blei kristen, og han tok seg ein tur opp her og blei sett fast. Dei visste ikkje kvar han sat i fengsel. Ein annan malay blei fråteken sitt arbeid. Det var ei oppleving å få vera med og be for truande som slik blei forfylgde av styremaktene. Ja, de skulle vore med og hørt. Dei fleste bad på engelsk, men nokre ba også på malayisk. Ein eldre kar var på kne, ja eigentleg på alle fire, (på kne med hendende i golvet) fire gonger. Den siste gongen ba han serleg for meg. Det var eit gildt velkommen til landet. og at eg så snart fekk sjå inn i dei kristne sine kår her. Truleg kjem Gud til å bruka nokre av dei unge truande av malayfolket til stor velsigning for Malaysia og Singapore.

Det var mandag kvelden tett før eg gjekk av toget for å reisa hit. Her til Batu Gajah kom eg dagen etter, den

6. september. Eg kunne ha teke fly heilt til Ipoh, tolv miles frå Batu Gajah men eg ville ta toget for å sjå landet og folkelivet litt. Dessutan så ba E. C. Alfsen, som no er heime hjå Herren, om eg ville — ja, eg måtte ikkje gløyma å sjå innom til pastor Queck og dr. Timoty Tow i Singapore. Han gav meg adressa til den eine og dermed fann eg dei båe. Eg tok hotell laurdagskvelden i Singapore, sidan eg kom så seint på kvelden og ikkje hadde skrive at eg kom. Men sundag nådde eg akkurat å få høyrja Queck tala. Og det var på mandarin, og blei kvikt oversett til kantonesisk. Eg blei bedt til god kinesisk middag i lag med gilde truande leiarar i Bible Presbyterian Church. Om ettermiddagen bar det til dr. T. Tow ved Far Eastern Bible College. Der også kjende eg eit kjært velkommen og det heilage samfunn. Både Queck og Tow er kinesarar. Ein annan lærar der, Grauley (amerikanar) ba meg med heim til hans familie til kvelds.

Det var også han som tok meg med tli det malayiske bønemøte, som eg er serleg glad for. (Han som fylgte meg, gav meg 20 M. dollar — kr. 46,55).

Under heile flyturen frå Sanfrancisco via Anchorage (Alaska) og Tokyo (Japan) og Taipei, Kaohsing, Pingtung (Taiwan), Hongkong, over Vietnam, Bangkok og Singapore og hit, la eg merke til at Herren Jesus var med også i mange småting som blir kjære minne.

Når det gjeld arbeidet her i Batu Gajah og omegn, og likeeins ved Kuala Lipis, så er det å seia at *det er ingen organisert kyrkjelyd*. Her er to tri døypte av kinesarar og ikkje stort fleire av inderar. Ingen malay. Det viktigaste arbeidet er sundagsskule-ar-

beid. Sist sundag kom det ca. 20 kinesarbarn, og ein og ein halv time seina-re, i ein folkeskule me lante fritt, kring 40 inderar, (barn og 5—6 ungdomar frå 15—19 år). Det er også starta «bu-dao» (sprei-læra) arbeid på 6—7 «rubber - estates» (gummiplantasjar). Der lever då inderar og kineserar og nokre få malay-folk. Med høgtalar og traktatar når me mange heimar i «gummi-lands-byen». Desutan så er det ein ungdom nær Ipoh som sjølv tek seg av ein sundagsskule.

For å nå desse prekestadene er det naudsynleg med bil. Eg skal få meg nytt førarkort så snart råd er, og tre-na meg att etter 5 år utan bil. Her er venstrekkøring. Elles så har eg fått meg sykkel, så det blir det første trans-port-middel.

Klimaet her er betre enn eg venta, men ikkje lite fuktig. Det set hjarta i eit høgt tempo, så eg trur det er rett av meg å ta det lit med ro til eg kjänner meg aklimatisert.

Eg held på og flytter i dag. Huset som Ditzer har butt i, skal leigast ut til andre. Eg får meg to rom i «Li Bai Tang» (bedehuset). Eg kom ned her

kl. 15. Merkeleg! Tenk eg kjenner både fred og gleda over å få flytta inn her. Romet stod ledigt, kanskje etter pastor Tang og frue som forlet arbeidet her. Her er gildt å vera, eg må vera omslutta av forbøn. Ein trufast og miskunnsam Gud har me. Hans namn vere lova!

Alle vennene er helsa med ordet: «Sjå eg er med dykk alle dagar inntil verdens ende». Dette seier Jesus, frelsaren vår, han som også er vår talsmann hjå faderen. Elles så har eg levtt i Esaias 54, serleg løftet om at *alle* dine barn skal bli lerd av Gud og at alle som seier i mot skal bli domfelt.

De vil nok alle skyna at eg treng dykkar forbøner som aldri før. Ikkje berre Ditzer, men også fru Ditzer har vore fulltidsarbeidrar. Dei reiser her frå laurdag 1. okt. og etter planen frå Penang 2. okt. med ein lastebåt til Los Angeles. Må Gud gi dei ei god reise! Og velkommen tilbake så snart Herren opnar vegen.

Adresse mi er: P. O. Box 1, Batu Gajahh, Perak, Malaysia.

Dykkar utsending *Andreas A. Bø*.

Emissären, hans kall og oppgåve

Av Ole Brandal (Tale på eit forkynnarmøte).

Vi er her samla ein flokk emissærar, og eg må seia at eg er glad i det namnet.

Men kva vil det seie å vere emissær? På det spørsmålet er det mange som vil gje svar. Nokre vil med ein gong svare at det er å reise rundt og ete opp beste maten for folk, ha det roleg og varmt og koseleg, for så om kvelden å lire av ei preik for nokre få sjeler. Det er det finaste levebrødet i verda.

Kva skal vi så seie til dette? Blåse det bort i veret og protestere? Ja, det kan vi godt, men vi kan ikkje nekte for at slik tek emissäryrket seg ut for folk flest. Og skal vi vere ærlege, så må vi gje desse rett langt på veg, for i grunnen så har vi det på ein måte som husets midtpunkt medan vi er der.

Dette synet tvingar meg til å «besinne» meg på: *Kvífor* reiser eg, og med *kva* rett gjer eg det?

Med tanke på dette, så er det eit ord frå Guds bok som har kome for meg. Det står i 1. Kor. 15, 19 og lyder slik : «Har vi berre i dette liv sett von til Kristus, så er vi ynkelegare enn alle menneske.» Ofte har eg sagt til meg sjølv — når eg har sete i ei varm stove og sett andre slite ute — dette er meininglaust. Eg synest Skrifta gjev meg rett i dette, men på *eitt vilkår* : «Dersom Kristus ikkje er oppstaden.» Og det skal vere sant og visst, er ikkje Kristus oppstaden, så er vi emissærar ynkelegare enn alle menneske.

Men kva seier så Skrifta i denne sak? I 1. Kor. 15, 20 står det slik : «Men nå er Kristus oppstaden frå dei døde og har vorte førstegrøda av dei som er avsovna.» Ja, slik står det, Gud skje lov.

Og kva så? Ja, då er saka med ein gong omsnudd. Frå å vere dei ynkelegaste, må vi ha vorte dei *sælaste, lukkelegaste og mest betydningsfulle* av alle menneske. «Å kunne vel engler begjære å gå med så saligt et bud». Vil reiser difor med stort frimod — i Jesu namn, på hans rekning og risiko — for han er jo oppstaden. Så kan den som vil spotte oss, vi tek ikkje omsyn til det, for vi veit kven vi har sett vår von til. Vi har ingen grunn til å skjemmast. Vår *grunn og rett* til å reise ligg i at Jesu er oppstaden. Han har bede oss å gå og har sjølv lova å vere med. Lova vere Herren for det.

Men så kjem spørsmålet: Kva er vårt kall og vår oppgåve? Eg vil svare slik: Det er å få våre medmenneske i *eit rett forhold til Jesus*, og så å *bere* dei i dette forholdet. Eg svarar slik fordi eg veit det er rett etter Guds ord, og fordi eg meiner at dette svaret set saka i eit klårt lys.

Kva er så det rette forholdet til Jesus? Det skynar eg best ved å bli klår over *kven* Jesus er og *kva* han har

gjort.

Her vil eg vise til for eks. Luk. 2, 11, Hebr. 2, 16—17, og 4, 4—5, og 3, 13 og Rom. 8, 34. Mange fleire kunnne nemnast i denne samanhengen, men dette er nok til å vise at Jesus er ein *Frelsar*, og at han er vår *Frelsar* ved å vere vår *stedfortredar*. Jesus var vår *stedfortredar under lova, under domen, i oppstoda og er det framleis ved Faderens høgre hand*. Han er altså ein mann som går *istaden* for oss, handlar på våre vegne og gjorde og var alt det vi skulle vere og gjøre for å kunne leve i samfunn med Gud. Han er i sanning vår *stedfortreder*.

Ut frå dette ser vi kva eit rett forhold til Jesus er. Det er innlysande at i eit rett forhold til Jesus står *den som treng ein stedfortredar*. Og like eins må det vere klårt at ein stedfortredar treng *berre den som har gått falitt*, blitt gjort til inkjes, vorte fortapt i seg sjølve, ja vorte *døda*, for å bruka Skrifta sine ord. Den som har misst sitt eige liv, og funnne livet i stedfortredaren, står i eit rett forhold til Jesus.

Dette er også vår oppgåve og vårt kall. Det vil sei, den Heilage Ande si og vår. Vi skal altså vere med å føre folk i «*døden*», så dei kan kome i eit rett forhold til stedfortredaren Jesus. Vi er — ganske enkelt — sette til å ta livet av folk, så dei kan få bruk for Jesus. Med livet meinast her *sjølvlivet*, men dette livet har folk like kjært som sitt lekamlege liv. Dette er vår oppgåve, og lukkast dette, så er ikkje vår gjerning unyttig i Herren.

Ansikt til ansikt med denne kjennsgjerning, kva innser du då? For meg står det tindrande klårt og eg seier til meg sjølv: *stakkars meg*, for dette kan ikkje gå for seg utan kamp. For er det noko folk har kjært og kjempar for av alle krefter, så er det for livet.

Berge livet, vil dei framfor alt, og vi kan vere heilt forvissa om at dei vil setje seg til motverge. Er vi av sanninga, så vil vi få oppleve det i fullt mål. Det treng vi ikkje vere i tvil om. Nei, vi er rekna som slaktesauer. Folk kjem til å halda oss for udanna, uforkamma, frekke, taktlause o.s.v., og dei meiner seg å ha full rett til å hakke på oss, anklage oss, tale vondt om oss, ja om mogleg sende oss heimatt. Vi vert rekna som ein stor fære for folkehelsa og til slutt vil det nok føre oss i fengsel. Vi kan berre gjere oss fortrulege med at vegen blir smal.

Dette er ei av dei store lidingane i forkynnarárbeidet. Vi vert misstydde og forfylgd, for folk skynar ikkje at *vegen til livet går* gjennom døden. At folk flest ikkje skynar dette, er lett å innsjå, men i dag er det — til og med — få truande som er klår over dette. Ja, dei er heilt framande for det. Også dei vert imot oss, diverre.

Nett her er det at mange forkynnarár prøver å finne ein lettare veg, og sume trur dei har funne det. Ja, det ser verkeleg ut som dei har rett. Dei vert populære, folket strøymer til møta deira og mange gjev seg over til Gud. Det ser ut som Satan har sovna av, og heile folkestraumen går med dei, for dei er ingen strid på liv og død. Det vert beint ut populært å gje seg over til Gud.

Kva skal vi seie til slikt? Vi treng ikkje seie noko, for framtida vil vise kven sitt verk det var. Eg for min del trur dei er ubrukelege for Gud, og frukta av deira arbeid er ikkje gjenfødde menneske, men fine menneske. — Må Herren få styra med oss så vi vert villige til å ta den liding som fylgjer med — og alltid har fylgt med — å vere eit Herrens vitne. Her har vi eit stort ansvar.

Vi kan bu oss på at denne kampen og lidinga vert større og sterkare etter som *forfallet og fråfallet* stig fram i vårt folk. At det alt er virksamt, er ikkje å ta feil av.

I vårt land har vi i dag fleire organiserte bønegrupper som ber om vekking, og det skulle jo vere gildt. Men kva slags vekking ber dei om? Så langt eg har kunna fylgje med, så er det ei vekking utan storm og strid og kamp. Det må ikkje vere ei vekking som angrip meg og min kristendom og ruskar opp. Nei, det skal gå så reint *folkeleg* for seg. Ho skal virke sjølvoppbyggande, og ikke anstøteleg. Og slike vekkingar har vi hatt. Dei har hatt lite — eller inkje — av dei gamle kjennemerke på sann vekking: *kamp og strid på liv og død*, i seg. Dei har falle i folket sin smak, og ingen har arga seg på dei. Anstøtet har vore borte, dette som er kristendomen sitt sermerke.

Etter mitt skyn, så har og fruktene vore nedslående. Men fruktene tek ein visst ikkje omsyn til, for dei vil ha meir av same slaget. Men kjem det ein forkynnár som har ein bodskap som vekkjer strid, forargelse, anstøt, så vert han med ein gong forfylgd og stempla som falsk, endå dette (helst) skulle vere eit teikn på det rette. — Det som er rett, vert i dag halde for falsk, og det falske for rett. Slik er stoda, og det er vondt å sjå.

Det neste spørsmålet vert då: Korleis få sjelene i det rette forholdet til Jesus?

Her har Gud sjølv gjeve oss våpen i hand, og det er *eit våpen som fullt ut svarar til føremålet*. Våpenet er Guds ord, og det svarar til føremålet i og med at det er gjeve oss som *lov og evangelium*. Ordet seier at *lova slår ihel*, og *evangeliet gjer levande*, 1. Kor. 3, 4—11. Vi ser då at her har Gud gje-

ve i hende akkurat det middel som vi treng. Det er mektig til — og samstundes virkar det slik — at dei som høyrer Ordet og ikke viser det frå seg, kjem i eit rett forhold til Jesus og blir frelst.

Dette er ei salig oppdaging. Så er det ikkje eg med mine krefter og mine talegåver, som skal slå folk ihel og gje dei liv, men eg skal forkynne Ordet som *lov og evangelium*, og då vil dette føra til denne salige frukt.

Etter dette som nå er sagt, må det vere klårt, at vår hovedoppgåve, som forkynnalar, er å kunne *skilje mellom lov og evangelium*, og å anvende desse på folket. Her treng vi be mykje om den Heilage Ande, at han vil gje oss større lys, større kraft og større visdom, for her er det dei fleste *fer vill* og *fører vill*. Og mykje av forkynninga i dag er ikkje i stand til å føde Gud åndellege frie barn, men trælar.

Korleis skal vi så bruke våpenet? For meg har det vorte slik, at det fell naturleg først å forkynne lov. Og kylfor? Jau, av to grunnar. For det første: Når eg skal tale til folk, så gjeld det å tale det språk dei forstår. Og lova er det språket alle forstår. Ho ligg oss i kjøt og blod. Evangeliet, derimot, er ein løyndom som må openberrast — For det andre: Det er nyttelaust å forkynne evangeliet, dersom ikke lova først har fått «beredt» hjarta for evangeliet. — Eg forkynner altså lov først for å få kontakt med folk, og for å «bere» hjarta for evangeliet.

Men å forkynne lov er inga enkel sak. Å forkynne «loviskhet» er enkelt, og det vert oftaast gjort, diverre.

Korleis skal vi så forkynne lov rett, og unngå «loviskheten»? Det er for meg mykje aktuelt.

Eg ser det slik at det er serleg *to ting* vi må vere merksame på, når vi for-

kynner lov. Har vi desse to ting klårt for oss, så vil vi *oppnå* det første — forkynne lov rett —, og samstundes *hindre* det andre — «loviskheten».

Kva er så det? Jau, det er å ha klårt for seg: *Kva er lov, og kva er lova sitt føremål*. Har vi dette klårt, så står vi sterkt rusta.

Kva er lov? Det er alt Guds ord som avslørar Guds «hellighet», og legg vår fortapte stilling fram i dagen. Lova seier alltid *du*, og kjem til oss med krav, oppgåver og forbod. Ho inneheld meir enn dei ti bod. Når du forkynner ordet og seier som så: Du skal og du skal ikkje, har du vore som du skal, tenkt som du skal, følt som du skal, har du gjeve deg over til Gud heilt o.s.v., så kan du seie til deg sjølv: *dette er lov*. Alt som kjem til meg som påbod og forbod, og dreiar seg om min person, er lov. La oss hugse at all appell til oss er lov.

Kva er så lova sitt føremål? Ordet svarar klårt: DØD, Rom. 7, 10—11. Altså ikkje å gjere folk fromme og gode, men overvettes syndige, ja døde. Ho tilstoppar munnen vår, og gjer oss skuldige for Gud. Rom. 3, 19. Ved lova kjem syndserkjennung. Rom. 3, 20. Med dette målet for augo er lova gjeva, og dette målet må vi og sikte mot når vi forkynner lov.

Her vert det gjort serleg fire feil. For det første så har vi dei som fornekta lova si gjerning i dag, og seier ho er avlyst i Kristus. Dette er reint sludder, for utan lova si gjerning hadde synda vore død, og ingen kunne kome til å erkjenne sanninga om seg sjølv. Og ingen ville lære Gud å kjenne i hans «hellighet».

For det andre: Lova vert nytta med det føremålet å gjere folk *snille, fromme, gudfryktige og lydige*. Med dette for augo, hamrar dei på med lov. Og

dei trur at berre lova får gjere «si» gjerning, så vert det rikt kristenliv. Dette er nokså alminnelig, men er likevel ei fel villfaring.

For det tredje: Lova vert forknyt som eit bod vi skal handle etter, og når vi gjer det lova krev, så er vi frelst. Ofte kan vi høre dette: Du må slutte med ditt gamle liv, du må ta imot Jesus, du må kome til han, du må bekjenne syndene dine, du måtru, o.s.v. Og når du gjer dette, så tek Gud imot deg og du er frelst. Slik forkynning er villfaring, og fører til därlege brummøyar. Det mest avskrekkande ved slik forkynning er, at dei som forkynner slik, trur sjølve at dei forkynner evangeliet, og så er det — diverre — lov frå ende til annan. For slike forkynnara er det om å gjere å få folk til å ta ei avgjerd og få folk på kne. Når dette er gjort, så er alt vel. Desse forkynnaraane er ivrige etter å oppnå synlege resultat, og etter å halde desse «nye» borte frå andre forkynnaraar, så dei ikkje skal kome i tvil på sin «nådestand».

For det fjerde: Lova får berre føre folk til at dei vert syndarar. Ja, men er ikkje det rett? Nei, det er *for lite*. Lova må føre så langt at folk blir totalt *fortapte, døde* syndarar. Får ho ikkje det, vert frukta berre ny vin i gamle lerflasker, nytt ty på gamalt, og det duger ikkje, seier Jesus. Nei lova må få føre til *død*, for det er berre den døde som treng ein stedfortreder.

Dette ser eg som svært viktig. Mangel på klărleik her, gjer oss ubrukelege for Gud. Der Guds ord er klårt, burde vi forkynnaraar vere kläre. Og etter Guds ord står det uruggeleg fast at får ikkje lova føre oss til *døden*, som ho gjorde det med Paulus, så kjem vi ikkje i rett forhold til Jesus. Resultatet vert berre religiositet og ingen kristendom. Dette

er eit kjernekjunkt og eg ynskte å rope eit varsko til alle forkynnaraar: *Lova må føre til død, alt må verte stengt inn under synd, for elles vert ikkje det som var lova, gjeve oss i Kristus Jesus, og vi fører sjelene vill.*

Så kjem då spørsmålet: Korleis brukar lova i praksis? Her vil eg berre gje ein peikepinn. Vi må finne folket der dei står, og det gjer vi ved å angripe dei ytre og openberre synder. Å tale til eit menneske, som ikkje er vakt, om hjartets forderv, kan vi spare oss. Det nyttar ikkje. Vi må ta til med det ytre, for å ende i det indre, i hjarta sitt botalause forderv. Og her må Herren gje oss nåde til å avsløre og mure att alle smothol, så berre den tronge porten blir den einaste farbare utveg. Vi må med Skrifta, legge alt vårt under synd. Alt som flyt ut frå det naturlege menneske, antan det er bón eller banning, må få sit rette stempel, for alt som er fødd av kjøt er kjøt. Men bu deg på ein ting, til klårare og kvassare du er her til meir motstand får du. For då kjem du til å røre ved sjølvaste kvepsebolet, som er menneskets medfødde religiøse natur. Og som dei fleste trur er ein god natur, som Gud vil ta seg av, reinse og forbetre. Men det er heilt feil, for alt i oss er totalt øydelagd, også denne naturen. Vi kan bu oss på mange stikk, for folk vil forsvara sin eigen «kristendom» med stort mot og ukueleg iver.

Dette var nokre ord om å forkynne lov, og måtte så Herren gje oss nåde til å bruke dette viktige middel i sitt rette føremål.

Som før nevnt, så er det vår oppgave også å forkynne evangeliet. Ja, vi skal forkynne evangeliet ofte, for ikke å sele oftast. Evangeliet må ikkje bli ein raritet, som vi tek fram ein hende gong. Nei, vi må ta det fram — for

kynne det — til alle tider, for det vert aldri for mykje evangelium.

Korleis forkynne evangeliet? Førs vil eg seie : Å forkynne evangeliet for fortapte synderar, er ein forsmak på himmelen. Men å forkynne evangeliet for sjølvhjelpane, er som å tygge småstein.

Skal vi forkynne evangeliet rett, må vi først ha klårt for oss : Kva er evangeliet?

Svaret er klårt : Evangeliet er bestemte ord om bestemte kjennsgjerninger. Det er ikkje ordet om noko som skal skje, men om noko som har skjedd. Det er ordet om *stedfortrederen Jesus*. Å forkynne stedfortrederen er å forkynne evangeliet. Evangeliet seier aldri du skal og du skal ikkje, det siktar aldri på det du er og har gjort, men det stiller fram ein mann istaden din. Å forkynne evangeliet, er å bere bod til sjelene om ein som har gått i vår stad, levde vårt liv, døydd vår død, stått opp til vår rettferdiggjering og nå sit ved Faderens høgre hand og fører vår sak. Det er ikkje bod om ein mann som vi må stelle godt med, ta imot, be til, leve heilt for o.s.v., og heller ikkje bod om ein mann som skal hjelpe oss til å bli snille og gode, men det er bod om ein mann som har gjort vår sak til si, og gjort og vore alt det vi skulle vere og gjere. Han er vår visdom, rettferd, helging og utløysing, og han er istaden for oss i alle ting, overfor Gud, verda, djeverlen og vårt eige kjøt. Forkynn Jesus for sjelene og la ingen ting hos han vere uvesentlig. — Ein stor feil er at mange berre talar om evangeliet og ikkje forkynner det. Dei snakkar om Jesus, men målar han ikkje som krossfest for sjelene. Det må vi gjere i rikt mål.

Kva virkar så evangeliet? Ordet svarar, *tru*. Det vil sei at det skapar

tillit til Jesus, at han har *gjort alt, og er alt for meg*. Trua er identisk med det rette forholdet til Jesus. Den fortapte som får augo på stedfortredaren og tek til å rekke med han, han trur og er komen i det rette forholde til Jesus. At trua og det rette forholdet til Jesus er eitt og det same, vil eg få streke under, for eg synest det kastar så fint eit lys over kva trua er. Ho er ikkje noko hokus pokus, eller noko vi skal få til, men ho er noko som *kjem* ved å høre Ordet som *lov og evangelium*. Ved lova vert vi førde til den innsikt at vi er hjelpelaust fortapte, og ved evangeliet vert vi førde til den salige innsikt at vi har ein stedfortreder, som har gjort og er alt for oss. Når hjarta ser dette og gler seg i dette, då står det i rett forhold til Jesus, då er trua der. Å, du forunderlege Ord og Ande, som kan utføre så store ting. Den som har Jesus, har livet, difor seier vi at evangeliet virkar *liv*.

Korleis skal vi så hjelpe sjelene til å bli i dette forholdet? Her synest eg at svaret er innlysande : Forkynn Ordet som lov og evangelium. Likesom vi kom til trua ved dette Ordet, vert vi bevarte i trua, ved same Ordet. Og når vi lever i trua på Jesus, så er vi innpota i han som både er *forsonaren og helliggeraren*. Ved trua på han er vi delaktige både i rettferdiggjeringa og helginga. A tale om helginga, fører ikkje til helging, men når du ved Ordet som *lov og evangelium* får sjelene til å henge ved Herren, då fører dette til helging. Difor er dette kjerne og hjartepunktet i vår oppgave : å forkynne Ordet som *lov og evangelium*.

Dette var noko om emissären sitt kall og oppgåve, og eg vil understreke *noko*. Må så Herren få halde oss true i tenesta.

Amen.

*'To brør.'***Av Jakob Tråsdal.**

Rosenius fortel ein stad om to brør : «Ein stad levde det to brør, som var av natura så like som to menneske kan bli. Dei hadde bæ fått den same oppseding, gått for dei same lærarane og iese dei same bøkene. Til sist blei dei også vakte det same året, og saman tok dei til å sökja frelse for si sjel. Dei drog seg bort frå verda og verda sin måte å leva på, og dei slo lag med dei vakte på staden. Dei var flittige i å brukta Guds ord, og med stort alvor prøvde dei å bli sanne og rette kristne.

Men til tross for det nye i omgangen med Guds ord og med Guds folk, så kjende dei ofte i sitt indre ei gnagande uro over sine synder som ikkje ville sleppa dei. Men seg i mellom så trøysta dei seg med at alle kristne hadde sine feil og at ingen var fullkommen, og at Gud kjende deire ærlege vilje og ville for Kristi skuld vera dei nådig. Om nokon tala med dei om Kristi forsoning og á bli rettferdigjord ved trua på Jesus, då svara dei alltid at slik var også deira tru. Dertil så tok dei med stor iver del i mykke kristeleg arbeid i misjons- og avhaldslag.

Slik levde dei livet sitt i seks år. Men då hende det, medan den eldre broren var ute på reis, at den yngste sat og las 2. Kor. 5. kap. Då var hans nådetid komen. Først stana han i undring over det 14. verset : «*Når ein er død for alle, så er alle døde*» Men i vers 19 og 21 gav Gud han lys over kva det tyda, eit lys som fyllte heile hans sjel med ei trøst og gleda han aldri før hadde kjent. Hans løynde og tunge uro i samvitet blei teken bort, og fred og gle-

da kom i staden. Tenk at Kristus blei gjort til synd, for oss, og når han døydde for alle, så er alle i han døde i Guds augo. Han tok til i fortruleg samtale med Jesus å takka og prisa han, og kunne heller ikkje teia med det han opplevde for dei han levde saman med.

Då den eldre broren kom heim att møtte broren han med eit uvanlegt mildt andlet og ord som fekk han til å undrast. Han spurde straks kva som hadde hendt og kvifor han var så glad. «A», svara den yngste, «no først har eg sett og forstår Guds frelse i Kristus. *Ein er død for alle, og alle er døde i ein. Den, som ikkje visste av synd, har Gud gjort til synd for oss ! Vi er alle døde i Kristus* og har i han alt lide alt det som lova nokon gong kan leggja på oss. Ved Jesu sår er eg alt lækt frå mine gamle indre sår, som du veit om.»

Etter ei lita stund i taus undring svara den eldre : «Har du aldri visst dette før?» Den yngre sa : «*Har du visst dette, og aldri vore glad over ei slik frelse?* Vi har vel visst det på vår vis men kvifor har det aldri kunna glede oss? På dette fekk han ikkje noko svar, men sjølv sa han at på tru og trv kan det vera stor skilnad.

Frå den tida var det alltid ein skilnad på desse to brør, som elles var så like. Den yngste kunne aldri nok opphøya og tala om Kristi verk på Golgata, og tala om den rette trua. Han hadde fått ein ny song i hjarte og munn, og heldt alt for skade og skarn men tvert i mot meir varm og nidkjær. sar. Men derfor blei han ikkje like sel med å øva seg i guds frykt, bøn, aud-

mjukheit, kjærleik og sjølvfornekting, men tvert i mot meir varm og nidkjær. Men det var på den grunnen som apostelen nemner : «*Kristi kjærleik tvingar oss, med di me har gjort opp med os sjølve, at når ein er død for alle, så er alle døde.*» Den eldre broren blei frå denne tida meir kaldklok, gjorde fortræd, levde i bokstavenes vesen, stiv og død. — Dette må vera nok for å forklara løyndomen i den sanne og ekte kristendomen». Så langt Rosenius.

Dette må kvar den som les det nytta til å prøva si eiga åndeleg stoda inne for Gud. Slik at vi åleine i kjærleiken er vis og varsam, og i varsemda er sanninga tru i kjærleik. For mange av dei som ennå ikkje er komen fram til sanninga og livet, *dei er dei som ein gong skal koma dit* om dei truande vil prøva opplysa dei med kjærleik og visdom.

Jesus Kristus vil alltid vera det *sjibbolet* - teiknet som skal «openberra kva tankar mange gøynde i hjarta», ein «ange av liv til liv og ein ange av død til død.» Skrifta seier klårt at han er ein *prøvestein*, ein utvald og dyrverdig hyrnestein for dei som trur, men for dei som ikkje trur blir han ein støytestein og snublestein som mange skal snubla i, støyta seg på, bli fanga og knust ved. (Esa. 8, 14—15). Utan å gi etter det minste må vi halda fast ved

dette ordet frå Jesus : «Det hjarta er fullt av, det talar munnen», og ordet av Paulus : «Men etter di me har den same Ande med trua — etter det som står skrive : Eg trudde, derfor tala eg, så trur me og, derfor talar me og» (2. Ko. 4, 13).

Noken driv på med iver og ser det som det mest naudsynte å bli knust, andre med alvor, kjærleik, å bli audimjuk, og etter andre med å forsaka seg sjølv og døy bort frå seg sjølve o.s.v. Alt dette er godt og verdfullt, men det er ikkje livet (. Johs. 5, 12). Det er berre forberedande ting, for å gi plass for han som er livet. Frå den sæle flokken heime hjå Gud stig vitna fram og seier : Også eg har arbeidt på alt dette gode, men då eg arbeidde mest, la eg merke til at Guds augo var som eld, at hans dom gjekk mykje høgre enn menneska og at for han var ikkje ein gong himlane reine, — og eg døydde, men Kristus vart mitt liv. For hans skuld har egapt alt, og reknar det for skarn. — Herren har gitt meg ein ny song i hjarte og munn : Du er slakta og har etterløyst meg til Gud med ditt blod. Du er verdig til æra, prisen og takken frå æva til æva, amen.

Omsett frå «Veien mellom afveiene».

Bli fylt av Anden

Av Vincent Færevåg

Det å få Guds Ande og verta fylt av Anden er to ting, sjølv om det i djupaste meining heng saman.

A få Guds Ande er å verta delaktig i Jesu Kristi frelse, det er å verta etterfødd til evig liv. Den som ikkje har

fått Guds Ande, høyrer ikkje Herren til, medan alle som vert drivne av Anden er Guds barn.

Men ordet i Efes. 5, 18, om å verta fylt av Anden, er eit ord til oss som har fått Anden buande i oss ved trua

Å bli fyllt av Anden vil altså seia at me let Gud ved sin utsending til oss, Den Heilage Ande, få råderett over vår tanke, *våre* ynskje, *våre* planar, ja *heile vårt liv*. Så enkelt er det, og likevel så dødens kostesamt.

på Jesus. Det er eit avgjerande ord til oss alle, for det gjeld vår vandel og vår tenesta.

Er det då ikkje nok å ha Guds Ande? Nei, seier Guds ord. Så stort som det er, så er det ikkje nok før me som kristne er fyllt av Anden.

Kan der då vera noko i ein kristen som ikkje er underlagt Andens vesen og virkekraft? Og kva er i tilfelle dette som kan fortrengja Guds Ande? Svaret er sjokkerande enkelt, for det som avgrensar Anden er *alt vårt*.

«For dei som er slike at dei *let kjøtet rāda*, trår etter det som høyrer kjøtet til, men dei som *let Anden rāda* trår etter det som høyrer Anden til». (Rom. 8, 5). *Og kjøtet det er meg med alt mitt.*

Skal me då som kristne verta fyllt av Anden, så må Anden ved Kristi ord få den plassen som *eg, meg og mitt* har i liv og arbeid.

Dette har ei teoretisk sida. Me må vita at det er slik, for er ikkje det klårt, kan det ikkje henda i livet vårt heller.

Men her vert tanken ført inn på den praktiske sida. Som kristne vert me sett aktivt inn her av Gud sjølv: «Bli fyllt av Anden», «Ferdast i Anden». Så stort er det å vera åndsvesen at Gud vender seg til oss som sine barn på denne måten. Og så stort er vårt kristne ansvar at me her kan arbeida med eller mot Guds vilje og veg med livet vårt.

Me skynnar at det har med helginga å gjera dette å verta fyllt av Anden, for vår heilaggjering heng saman med kor stort virkefelt Den Heilage Ande har i vårt kristne kvardagsliv.

Heilaggjeringa kan samanliknast mer to bønder som har hest saman. Begge har eit arbeid dei skal ha gjort, men dei har berre ein hest. Når då den eine brukar hesten, ligg den andre sitt ugjort. Men når hesten er ledig tek den andre over og får sitt arbeid gjort. Så er det spørsmål om kven som får «halda taumen» og brukar tankar, evner og krefter i livet vårt: *Anden eller kjøtet*. Kjære kristne vener: Lat Anden rāda, så skal de ikkje utføra kjøtet sine lyster. Då skal ikkje satan, men Gud fremma sitt verk, Gud til æra ved oss.

Lydbandsentralen.

Det ser ut for at somme av dei billege lydbanda me har skaffa, ikkje høver godt for alle apparat, meddi der vil koma fram sjenerande bilydar. Særlig kan det gjera seg gjeldande på nyare modellar av Tandberg. Har nokon vore ille ute såleis, er det sjølv sagt råd å senda bandet i retur og få innspela eitt nytt.